

NORMANN-PROSJEKTET

Registrering av villreinen sin områdebruk innan Gråhø/Tjønnseterfjellet i Nord-Fron og Sør-Fron

Årsrapport 2025 v/ Per Jordhøy



Sovande bukk (foto Sel Fjellstyre)

Mål og gjennomføring

Målet med registreringa er særleg å få haldepunkt om korleis reinen nyttar Gråhø/Tjønnseterfjellet og randsona innan leveområdet i Fron-kommunane. Dette notatet syner resultata frå registreringane i 2025. Frå Sel fjellstyre ligg det føre ein eigen årsrapport og tabell med observasjonsdata frå arbeidet (sjå vedlegg).

Bakgrunn

Gråhø/Tjønnseterfjellet var kategorisert som eit "observasjonsområde" i den tidlegare fylkesdelplanen for Rondane, og området inngår nå i nasjonalt villreinområde i ny regional plan for Rondane og Sølknkletten. Det betyr at det er eit mål (som tidlegare) å kartlegge villreinen sin arealbruk nærare for bruk i vidare arealplanlegging, forvaltning og vurdering av ferdsle.

Som supplement til pågåande prosjekt med data frå GPS-merka simler i Rondane er det viktig med slike kartfesta observasjonar av bukkeflokkar, då ein ikkje har merka bukkar i GPS-prosjektet. Såleis vil ein få nokre haldepunkt om korleis bukkeflokkane utnyttar området i høve til simlene.

Gråhø/Tjønnseterfjellet er ein randsona som utgjer viktige habitat for reinen i Rondane. Det vart lagt opp ein plan for observasjonsprogram der ein frå faste punkt og utvalde trasear skulle avsøke terrenget ved hjelp av kikkert og teleskop. Så langt mogleg skulle eit få oversyn over flokkane sin lokalisering, tal og struktur (kjønns- og aldersfordeling).

Om våren og forsommaren søkjer bukkeflokkane ned mot fjellbandet for å finna tidleg groe/beite med mykje råprotein, som er avgjerande for oppbygging av muskelmasse og gevir. På grunn av stort energiforbruk under brunsten kan bukkane ofte vere i dårleg kondisjon når dei møter vinteren. Samstundes er dei fortrent frå dei beste vinterbeita av dei dominante simlene. Trongen til slikt beite er så sterk om våren at bukkane kan trekkja langt ned i fjellskogen, der slike beiteemne er tidleg tilgjengelege.

Resultata viste at heile Gråhø/Tjønnseterfjellet i større eller mindre grad vart nytta av rein, for det meste bukk. Det ser ut som området Nåsåberget – Gravidalsfjellet – Rundkollen – Brattfjellet samt Veslefjellet, var dei mest sentrale områda i starten av prosjektperioden. I tillegg nytta reinen områder nede i skogen ved t.d. Tjønnsetra. Det var også ein del beiting inne på ulike kveer i vårsesongen. I 2012 vart for fyrste gong observert ein fostringsflokk i området, men dette var nok heller unntaket enn regelen

Ein hadde i prosjektperioden 2007-2025 også registrert kjente fangstgroper i Tjønnseterfjellet. 4 i Framre Fiskedalen og 4 i Gravidalsmunningen, samt 1 grop ved Skarven og 2 ved Fjelltjøn. I tilgrensande område har ein kartlagt fangstgropanlegg langs Store-Ula og fangstruse på Bløyvangen. Anlegga viser at det har vore stor trafikk av rein i desse områda i tidlegare tider. Det kom ikkje melding om funn av «nye» fangstgroper i 2025.

Det er viktig å sjå reinen sin bruk av leveområda over lang tid, da den er svært dynamisk og vekslar i takt med ulike påverknader – både naturgjevne og menneskeskipa. Såleis får ein også betre kunnskap om kva slike øyfjell betyr for bestanden. Meir data frå dette området vil difor kunne gje meir kunnskap om dette og flokkane sin arealbruk generelt. Ein vil difor halda fram med å registrera reinsflokkar i området, etter same opplegg som tidlegare. I tillegg er det ynskje

om å få opplysningar om strukturen (kjønns- og alderssamansetjing) i den einskilde flokken. Sjå elles rapport om desse registreringane i Jordhøy (2010 og 2020).

Opplegg, prosedyre og resultat

Det vart lagt opp ein plan for observasjonsprogram der ein frå faste punkt og utvalde trasear skulle avsøka terrenget ved hjelp av kikkert og teleskop. Så langt mogleg skulle eit få oversyn over flokkane sin lokalisering, tal og struktur (kjønns- og aldersfordeling). Ein skulle på turar i terrenget også registrera gamle fangstminner som har vore nytta til villreinfangst, då desse er ein viktig referanse for reinen sin arealbruk i tidlegare tider. Frå og med 2013 vart også Veslefjellet/Kuva med som observasjonsområde i prosjektet. I 2025 er det ikkje samla inn data frå dette området

Feltarbeidet vart gjort av Villreinutvalet for Rondane Nord i samarbeid med lokale registratorar. Registratorar i Gråhø/Tjønnseterfjellet: Forutan regelmessige registreringar av Per-Erik Sannes har det vore gjort ein stor innsats av lokale registratorar. Dette gjer at vi har god oversikt over flokkane som har vore i området. Registreringane har vore lagt til den perioden det er rein i området, dvs. frå tidleg vår til brunsten kjem i gang utpå hausten. Registratorar elles: Arne Røssummoen, Magne Fjellseth, Ivar Sletten, Svein Dalseghagen og Geir Haverstad.

Prosjektet har ei faggruppe som består av Geir Johan Groven (Nord-Fron kommune - prosjektleiar), Marit Vorkinn (sekretær for villreinnemda i Rondane og Sølknletten), Per-Erik Sannes (Sel fjellstyre), Elise Myren (Dovre fjellstyre), Per Jordhøy (NINA) og Konrad S. Bryhn (Sør-Fron kommune). Det er eit årleg kontaktmøte og/eller oversending av årleg prosjektrapport til representantar for grunneigarane.

Observasjonspunkt/ruter Gråhø/Tjønnseterfjellet

1. Peer Gynt seterveg, Kvam – Vinstra.
Oversyn nord (Sukkertoppen), heile vestsida av området og nordsida av Veslfjell og Krøkla. Denne ruta blir mest nytta.
2. Skjerelhøa – Skjerelfjellet.
Godt oversyn, med kikkert og teleskop dekkar ein nesten heile området i nord – aust (t.o.m. Brattfonna og Gravdalsfjellet).
3. Gravdalsvegen parkeringsplass på toppen ved Kneppa.
Oversyn over vestsida, frå Gravdalsfjell i nord til Veslfjell i sør.
4. Tjønnsetervegen.
Oversyn frå nordlegaste delen av området (Sukkertoppen) til Gravdalsfjellet i sør, samt vestsida.
5. Kvarvet/Østkjølen seterveg.
Oversyn over sørlege delen, Veslfjell, Krøkla og Grønfjell.

I tillegg er det gått til fots ein del, særleg på våren da det har kome melding om spor (området mellom Sulseter og Tjønnseterfjellet), og under reinsjakta (lokale registratorar).

Frå 2013 vart også Kuva og Veslefjellet i Rondane nord med i observasjonsprogrammet. Her er Elise Myren, Dovre fjellstyre, kontaktperson. I 2025 er det ikkje samla inn data frå dette området. I Gråhø/Tjønnseterfjellet er Per-Erik Sannes, Sel fjellstyre, kontaktperson.

Flokkdata og inntrykk frå 2025 – Gråhø/Tjønnseterfjellet

Heile området blir i større eller mindre grad nytta av rein. Dei midtre områda, som Brattfonna – Krøkla - Gravdalen -Kvarvet, vart mest brukt i 2025. Det var ingen observasjonar på Tjønnsetra, men derimot vart Flakkshøa og naturreservatet regelmessig nytta, jmf.

Sprangeren (merka bukk). Vi ser også av arealbruken hjå den merka bukken, at dyra går fram og attende frå Vulufjell til Tjønnseterfjellet heile barmarksperioden. Sikre tal på kor mykje av bukken som nyttar området er vanskeleg å få.

Det vart gjort 43 observasjonar av rein, eller spor etter rein. I 2025 vart det gjort minimum 67 observasjonsturar i perioden 25.4. - 14.9. Dei lokale registratorane er framleis for dårlege til å notere når dei ikkje observerer rein, slik at dette talet er noko høgare. Første observasjon i området vart gjort 25.4 på Kvarvet ca. 20-25 bukkar. Siste observasjonar var 14.9. Dette var 20-25 bukkar ved Heimløysa. (figur 1 - 3).

Totalt tal bukkar observert omtrent samstundes var 57. Den 9.6. vart det telt 23 dyr (med merka bukk), og den 10.6. 34 dyr (utan merka bukk). Flokken på 23 (med merka bukk), vart også sett den 15.6. Største telte flokk var 37 ved Afstjønna. Kor mange av bukkane i Vulufjell som ikkje trekkjer fram i Tjønnseterfjellet er som sagt vanskeleg å anslå, da kunnskapen vi har fått gjennom **Sprangeren** viser at bukkane trekkjer fram og attende heile barmarksesongen. Tala vi har seier berre noko om kor mange bukkar som var i Tjønnseterfjellet samstundes ein bestemt dato.


Det er bukkeflokkane som nyttar Tjønnseterfjellet frå april/mai til august/september. Det er bukkar i alle alderskategoriar, men hovuddelen er 3 år og eldre bukkar. Det var framleis bukkar att i Tjønnseterfjellet til ut i september.

Det vart felt 1 eldre bukk under jakta i Gåhø/Tjønnseterfjellet (Sørdorp sameie). Området i den nordlege delen (Kvam) samt Østkjølen sitt areal av Tjønnseterfjellet er freda for jakt. Dette er eit ledd i å få fostringsflokkane til å nytte området til beite, og få auka beitebruken for bukkane. Truleg er det bukkar som nyttar Vulufjell som beite heile året, og det er difor viktig at bukkane som nyttar Tjønnseterfjellet sommar og tidleg haust blir teke vare på.

Aktiviteten i området saman med i omfattande sti-nett er no så stor, at det er vanskeleg å sjå for seg snarleg besøk av fostringsflokkar her (simler, ungdyr og kalvar).

Tjønnseterfjellet-Gråhø

Observasjoner fra 2007 til 2025



0 2,5 5 Kilometer


NORSK
VILLREINSENTER

Bakgrunnskart: Statens kartverk.
Kartarbeid: Norsk villreinsenter.

Figur 1. Utbreiing av flokkobservasjonane i Gråhø/Tjønnseterfjellet i perioden 2007-2025.

Tjønnseterfjellet-Gråhø


Observasjoner fra 2007 til 2025



Figur 2. Utbreiing av flokkobservasjonane fordelt på flokkstorleik i Gråhø/Tjønnseterfjellet 2007-2025.

Tjønnseterfjellet-Gråhø

Observasjoner i 2025



0 2,5 5 Kilometer

NORSK
VILLREINSENTER

Bakgrunnskart: Statens kartverk.
Kartarbeid: Norsk villreinsenter.

Figur 3. Utbreiing av flokkobservasjonane fordelt på flokkstorleik i Gråhø/Tjønnseterfjellet 2025.

Kommentarar

Det er viktig for forvaltinga å få slike data som blir samla inn i dette prosjektet, både for Rondane og generelt sett. Det ville vera ein styrke om ein i tillegg kunne få meir data om aldersfordelinga i bukkeflokkane.

Referansar

Jordhøy, P. 2010. Registrering av villreinen sin områdebruk i Tjønnseterfjellet - Gråhø, Nord-Fron og Sør-Fron kommunar 2007-2009. NINA Rapport – 558. 17 s.+ vedlegg.

Jordhøy, P. 2021. NORMANN-PROSJEKTET Registrering av villreinen sin områdebruk innan Gråhø/Tjønnseterfjellet (øyfjell) i Nord-Fron og Sør-Fron og i Veslefjellet/Kuva (randsone) i Dovre Oppsummeringsrapport 2007/2013 –2020. Upublisert rapport til prosjektleiinga. 26s.

VEDLEGG.

NOTAT NORMAN PROSJEKTET 2025 (Tjønnseterfjellet).

Metode

Foruten regelmessig registrering av undertegnede har det vært gjort en stor innsats fra lokale registratorer. Dette gjør at vi har god oversikt over flokkene som har vært i området. Registreringene har vært prioritert til den perioden det er rein i området, dvs. fra tidlig vår til brunsten kommer i gang utpå høsten.

Registrert arealbruk

Hele området brukes i større eller mindre grad av rein. De midtre områdene som Brattfonna – Krøkla - Gravdalen -Kvarvet var områdene som ble mest brukt i 2025. Det er ingen observasjoner på Tjønnsetra, men derimot benyttes flakkshøa og naturreservatet regelmessig, jmf. **Sprangeren**(merka bukk). Vi ser også av arealbruken hos den merka bukken at dyrene går frem og tilbake fra Vulufjell til Tjønnseterfjellet hele barmarksperioden. Så noen sikre tall på hvor mye av bukken som benytter området er vanskelig å få.

Antallet observasjoner

Det er gjort 43 observasjoner av rein, eller spor etter rein. I 2025 ble det foretatt minimum 67 observasjonsturer i perioden 25.4. - 14.9. De lokale registratorene er fortsatt for dårlige til å notere når de ikke observerer rein, slik at dette tallet er noe høyere. Første observasjon i området ble gjort 25.4 på Kvarvet ca. 20-25 bukker. Siste observasjoner var 14.9. dette var 20-25 bukker ved Heimlysa.

Struktur i flokkene/Total antall.

Totalantallet bukker observert omtrent samtidig var 57. Den 9.6. ble det tallet 23 dyr (med merka bukk), og den 10.6. 34 dyr(uten merk bukk). Flokken på 23 (med merka bukk), ble også sett den 15.6. Største tallet flokk var 37 ved Afstjønna. Hvor mange av bukkene i Vulufjell som ikke trekker frem i Tjønnseterfjellet er vanskelig å anslå, da kunnskapen vi har fått gjennom **Sprangeren** viser at bukkene trekker frem og tilbake hele barmarksesongen. Tallene i tabellen sier kun noe om hvor mange bukker som var i Tjønnseterfjellet samtidig en bestemt dato.

Heile området blir i større eller mindre grad nytta av rein.

År	Antall bukker	Merknad
2025	57	Observert 9/6 og 10/6.
2024	39	Observert 3/7 samtidig.
2023	21	Observert 4/6 og 4/7.
2022	55	Telt av samme observatør samme dag. 3 «flokker», største flokk 50 dyr.
2021	55	Tellet samme dag 24.05. To flokker
2020	Ca 100	3 telte flokker 50 dyr + flokk på 50-60 på kvarvet(25/5)
2019	60	Telt samme dag 17.5. 2 ulike flokker.(9-10/7 53 bukk i Vulufjell 22 bukker Tjønnseterfjellet, tot. 75).

2018	Ca 85	Telleren kom ut av tellinga ved 77, det var da noen dyr igjen.
2017	72	Minimumstillingen i Vulufjell 77 stk.
2016	59	3 ulike flokker og en enslig bukk observert samme dag.
2015	32	Mest sannsynlig antall er 49. Flokk på 17 dyr registrert 6.6. kan være bukken som var igjen i Vulufjell i vinter. Mens større flokk ikke dukket opp før 1.7.
2014	33	Største antallet tallet samtidig. Dette er antagelig ikke totalantallet.(minimumstilling i området 84). Den 10 og 11 juni ble det sett minimum 50 dyr på dyrking på kvarvet. Flokken ble jaget men kom tilbake. Dette var både bukker og simler.
2013	26	Største antallet tallet samtidig. Dette er sannsynligvis ikke totalantallet.(minimumstilling i området 58)
2012	60	
2011	56(37)	37 kom over fra Vulufjell, de resterende antas å være bukk fra Rondane sør.
2010	52	
2009	44(22)	Usikkert antall, antagelig var det 2 flokker som trakk over fra Vulufjell på omtrent samme antall, uten at disse ble sett samtidig
2008	63	
2007	34	

Det ble ikke strukturtelt noen flokker i 2025.

Flokktyper

Det er bukkeflokkene som bruker Tjønnseterfjellet fra april/mai til august/september. Det er bukker i alle alderskategorier, men den store hovedandelen er 3 år og eldre. Det var fortsatt bukker igjen i Tjønnseterfjellet til ut i september. Det ble felt 1 eldre bukk under jakta i Gåhø/Tjønnseterfjellet(Sørdorp sameie). Området i den nordlige delen(Kvam) samt Østkjølen sitt areal av Tjønnseterfjellet er fredet for jakt. Dette er et ledd i å få fostringsflokkene til å benytte området til beite, og få økt bruk av beite for bukken. Antagelig er det bukk som bruker Vulufjell som beite hele året, det er derfor viktig at den bukken som benytter Tjønnseterfjellet på sommer tidlig høstbeite tas vare på.

Aktiviteten i området sammen med et omfattende sti-nett, er nå såpass stor, at noen snarlig bruk av området for simler og kalver ikke kan forventes.

Feltregistrering rein i Rondane nord Gråhøa 2025

Obstype	Observatør	Nr.foto	Dato	kryss av					Sporreting	Lokalitet	Kommune	Sonebelte	UTM ØST	UTM NORD	UTM kart/GPS	Ca. obs. avst. M	Bevegelse
				Ca. flokk str.	Nøyaktig flokk str.	Bukkeflokk	Føstringsflokk	Blandarflokk	Første sportegn								
1 pes			04.05.2025		17	x				flakshøa	nord-fron	32v	543151	6845913		100	1
1 pes			09.06.2025		23	x				brattfonna	nord-fron	32v	546218	6840125		1000	1
1 pes			10.06.2025		34	x				brattfonna	nord-fron	32v	547037	6840118		1000	1
2 m.h.			15.06.2025		23	x				fr. steinbudalen	nord-fron	32v	547792	6851111		500	1
1 pes			16.06.2025		3	x				geitryggen	nord-fron	32v	542249	6844633		800	1
1 pes			22.05.2025		1	x				flakshøa	nord-fron	32v	543198	6845574		600	1
4 facebook			01.08.2025		5	x				grautbekken	nord-fron	32v	545147	6836159			
4 facebook			04.08.2025		1	x				grautbekken	nord-fron	32v	545331	6836479			
1 pes			06.08.2025		8	x				bergimellem	nord-fron	32v	541395	6844968		1500	1
1 ar			07.06.2025	29		x				gravdalsfjellet	nord-fron	32v	545067	6839913		300	
1 ar			01.08.2025		37	x				afstjønna	nord-fron	32v	545043	6837475			
1 ar			16.08.2025		7	x				gravdalsmoen	nord-fron	32v	542316	6839659			
1 ar			17.08.2025	9		x				gravdalen	nord-fron	32v	544373	6839747			
1 ar			20.08.2025		7	x				sukkertoppen	nord-fron	32v	541471	6844584			
2 mf			26.04.2025	20-30		x				veslfjell	nord-fron	32v	546984	6846205			
1 mf			06.05.2025	30		x				krøkla	sør-fron	32v	547917	6836948			1
1 m			07.06.2025		1	x				grustaket	nord-fron	32v	547878	6837812			3
1 mf			09.06.2025		24	x				lysli	nord-fron	32v	546594	6839218			2
1 mf			28.06.2025		14	x				reipjtønn	nord-fron	32v	548310	6840099			1
1 sd			08.05.2025		2	x				langhaugen	sør-fron	32v	550024	6830289		500	2
1 sd			13.05.2025		2	x				østkj.veien	sør-fron	32v	550915	6830108		300	3
1 sd			27.05.2025		3	x				tronomyrin	sør-fron	32v	548810	6833501		600	1
1 sd			28.05.2025		3	x				solbakkfeltet	sør-fron	32v	550795	6830168		250	1
1 sd			26.06.2025		2	x				blåb.bekk	sør-fron	32v	549501	6832360			
1 sd			31.07.2025		6	x				lysa	sør-fron	32v	548573	6839489			
1 sd			09.08.2025		1	x				grønfjell	sør-fron	32v	547357	6834551		100	2
1 sd			10.08.2025		5	x				grønfjell	sør-fron	32v	547547	6833716		60	2
1 sd			16.08.2025		2	x				korstadfeltet	sør-fron	32v	548810	6831638		120	2
1 sd			17.08.2025		1	x				moh.feltet	sør-fron	32v	548181	6832157		100	2
1 sd			27.08.2025		2	x				augla.kolb.	sør-fron	32v	547550	6831537		400	1
1 vh			27.08.2025		14	x				lysli	nord-fron	32v	547450	6837867		250	2
1 sd			28.08.2025		2	x				moh.feltet	sør-fron	32v	548571	6832126		300	1
1 vh			07.09.2025		20	x				reipjtønn	sør-fron	32v	548919	6840249		1000	2
1 vh			10.09.2025		5	x				sulsetermyrin	nord-fron	32v	544876	6835054		600	2
1 vh			14.09.2025	20-25		x				heimlysa	nord-fron	32v	548543	6839061		80	3
1 gh			25.04.2025		5	x				korstadfeltet	sør-fron	32v	548809	6831630		200	1
1 gh			12.05.2025		2	x				kroksletthaugen	sør-fron	32v	549815	6830639		2000	2
1 gh			19.05.2025		2	x				krokafeltet	sør-fron	32v	547458	6832010		400	1
1 gh			20.05.2025		3	x				korstadfeltet	sør-fron	32v	550060	6830793		200	1
1 gh			21.05.2025		13	x				krøkla	sør-fron	32v	548824	6836186		2500	1
1 gh			09.06.2025	12-15		x				lysli	sør-fron	32v	548669	6837171			
1 gh			27.07.2025		1	x				grønfjell	sør-fron	32v	547609	6833981		1900	1
1 gh			28.07.2025		1	x				grønfjell	sør-fron	32v	547609	6833981		1900	1

Otta 17.12.2025 Per-Erik Sannes